

---

**Saksnr:** 2022/87653-1  
**Saksbehandlar:** Elin Storøstevik

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		26.10.2022
Fylkesutvalet		08.11.2022

## Utgreiing av framtidig arkivorganisering i Vestland fylke. Vedtak om høyring.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sender «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland» på høyring hjå arkivinstitusjonane og kommunane i Vestland fylke.
2. Høyringsperioden vert sett til 11.11.2022-22.12.2022.

### Samandrag

Kartleggings- og utgreiingsrapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland» vert foreslått sendt på høyring til kommunar og arkivaktørar i Vestland fylke.

I utgreiingsrapporten tilrår Menon Economics at Vestland fylkeskommune vedtek å realisere kombinasjonskonseptet, der det langsiktige målet er etableringa av ein ny arkivinstitusjon, «Vestlandsarkivet», som samlar mest mogleg av arkivarbeidet i Vestland.

I høyringa vil fylkesdirektøren be om innspel på rapporten.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
KII - kultur, idrett og inkludering

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Menon-rapport 107-2022 - Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Saka gjeld mottak av og utsending på høyring av kartleggings- og utgreiingsrapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland».

Kartleggings- og utgreiingsrapporten er utarbeidd av Menon Economics på oppdrag frå Vestland fylkeskommune. Bakgrunn for oppdraget er fylkesutvalet sitt vedtak 30. november 2021 om oppstart av prosess for å greie ut framtidig organisering av dei regionale arkiva (sak 2021/53293-1):

1. Fylkesutvalet ber fylkesdirektøren om å engasjere ein ekstern part for å kartlegge og greie ut situasjonen for dei regionale arkiva i Vestland fylke, og kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane.
2. Fylkesutvalet ber om at dei kommunale arkivinstitusjonane vert vektlagt i utgreiinga, men for å sjå heilskapen i arbeidet med samfunnsdokumentasjon og eldre og avslutta arkiv må utgreiinga også inkludere privatarkiv.

Kartlegging, samarbeid og framtidig organisering av dei kommunale arkivinstitusjonane har også vore på sakskartet til fylkestinget i desse møta:

- Sak 2020/49456-5, Organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland, Fylkestinget 15. desember 2020
- Sak 2019/84-1, Vestland fylkeskommune og tilhøvet til Kommunearkivordninga Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Fylkestinget 17. november 2019

### Kartleggings- og utgreiingsoppdraget

På bakgrunn av fylkesutvalet sitt vedtak 30. november 202, vart følgjande oppdrag formulert i oppdragskildringa som låg til grunn for anskaffinga av kartleggings- og utgreiingsarbeidet:

*Hordaland og Sogn og Fjordane fylke vart i 2020 slått saman til Vestland fylkeskommune. I samband med dette ynskjer ein å sjå på ulikskapar i arkivorganiseringa og arbeide fram ei mest mogeleg heilskapleg og koordinert organisering av arkivfeltet for heile Vestland. Vestland fylkeskommune har difor bestemt å engasjere ein ekstern part for å:*

- A) kartlegge og greie ut styrker og svakheiter ved organiseringa av dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland fylke, og
- B) kome med råd om framtidig organisering av arkivinstitusjonane.

*Dei kommunale arkivinstitusjonane vert vektlagt i utgreiinga, men for å sjå heilskapen i arbeidet med samfunnsdokumentasjon og eldre og avslutta arkiv må utgreiinga også inkludere privatarkiv. Prinsipielle forskjellar, styrker og svakheiter ved ulike organisasjonsformer må belysast.*

*Oppdragstakar skal vurdere råd om framtidig organisering av dei kommunale arkivinstitusjonane og det regionale arbeidet med privatarkiv opp mot følgjande:*

- Forslag til ny arkivlov; høyringsnotat-Forslag til ny arkivlov og NOU 2019:9
- Gjeldande lovverk som offentleglova, kommuneloven, forvaltningslov, personopplysningslov, kulturlova og særlover
- Arkivinstitusjonane sine erfaringar med tenesteavtalar
- Nasjonal arkivpolitikk og utviklingstrekk på arkivfeltet
- Digitalisering av samfunnet og bevaring av digitalt skapte arkiv
- Vestland fylkeskommune sitt samarbeid med kommunane
- Innbyggjar- og brukarperspektivet, tilgang til arkiv og formidling av regionen si immaterielle kulturarv
- Bevaring av privatarkiv – koordinering, arbeidsdeling og nettverkssamarbeid på det breie privatarkivfeltet
- Vestland fylkeskommune si rolle som regional utviklingsaktør og tenesteleverandør på arkivfeltet

- *Ei målsetjing om å sikre at ein samla samfunnsdokumentasjon frå Vestland vert bevart og tilgjengeleg for ettertida*
- *Økonomiske konsekvensar*

Menon Economics vart tildelt oppdraget, og har gjennomført kartleggings- og utgreiingsarbeidet i perioden mars- september 2022. Det vart ikkje stilt krav til målform i anskaffinga, og utgreiingsrapporten er på bokmål.

#### Medverknad

Kartleggings- og utgreiingsprosessen er gjennomført med medverknad frå kommunar og arkivaktørar i Vestland. Styringsgruppa for utgreiingsarbeidet er sett saman av deltakarar frå Vestland fylkeskommune og representantar frå kommunane i Vestland. Referansegruppa, som har vore breitt samansett med deltakarar frå fylkeskommunen og bevaringsinstitusjonane i Vestland fylke, har sikra medverknad og faglege innspel frå arkiv- og museumssektoren inn i arbeidet til Menon Economics.

#### Kartleggings- og utgreiingsrapporten

I rapporten skildrar Menon Economics først dagens organisering av arkivsektoren i Vestland og sentrale utviklingstrekk på arkivfeltet. Vidare vert både konkrete organisatoriske utfordringar i Vestland fylkeskommune identifisert, så vel som større endringar og utfordringar som arkivsektoren som heilskap står overfor. På bakgrunn av dette skisserer rapporten endringsbehov og identifiserer seks konseptuelle modellar for framtidig organisering av arkivsektoren i Vestland: KO+ Nullplusskonseptet; K1 Regional konseptet; K2 Samarbeidskonseptet; K3 Vestlandsarkivet IKS; K4 Vestlandsarkivet oppgåvefelleskap; og K5 Kombinasjonskonseptet.

Fordelar og ulemper ved dei ulike konseptuelle løysingane vert vurdert opp mot kriteria 1) realisme knytt til realisering av dei ulike konsept; 2) måloppnåing; 3) styringsevne og demokrati; 4) kostnadseffektivitet; 5) evne til å bygge robuste fagmiljø; 6) evne til samla og heilskapleg samfunnsdokumentasjon; 7) harmoniserte moglegheiter for oppgåveløysing i fylket; og 8) identitet og gjennomslagskraft.

Menon Economics konkluderer sin analyse med å tilrå at Vestland fylkeskommune vedtar å realisere kombinasjonskonseptet. Kombinasjonskonseptet kombinerer det beste frå dei andre konsept til eit nytt konsept, som inneber at fylkeskommunen startar med konkrete forbetringstiltak og vidareutviklar den regionale samfunnsutviklarrolla innan arkiv. Det langsiktige målet innafor dette konseptet er etableringa av «Vestlandsarkivet» – ein ny arkivinstitusjon som samlar mest mogleg av arkivarbeidet i Vestland.

I siste del av rapporten skildrar Menon Economics det dei vurderer som føresetnader for ei vellukka gjennomføring av kombinasjonskonseptet, og foreslår aktuelle tiltak på vegen mot å etablere «Vestlandsarkivet».

#### Høyring

I høyringa vil fylkesdirektøren be om innspel på tilrådd løysing, K5 kombinasjonskonseptet, frå kommunane og arkivaktørane i Vestland. Høyringsinnspela vil saman med rapporten «Utredning av en fremtidsrettet arkivorganisering i Vestland», ligge til grunn for vidare prosess med å arbeide fram ei mest mogleg heilskapleg, framtidretta og koordinert organisering av arkivfeltet i Vestland.

#### **Vedtakskompetanse**

I tråd med Reglement for folkevalde organ og delegering, Reglement for fylkesutvalet, kap 2.1.7, tek fylkesutvalet avgjerd i saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd.

#### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:**

Ikkje relevant

**Klima:**

Ikkje relevant

**Folkehelse:**

Ikkje relevant

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Prosessen med å greie ut og arbeide fram ei framtidsretta organisering av arkivsektoren i Vestland vil skape meirverdi for innbyggjarar, kommunar, næringsliv og organisasjonar i Vestland – både som skaparar av arkiv og brukarar av arkivinstitusjonane. Samarbeid mellom arkivaktørane i Vestland og ei mest mogleg heilskapleg organisering av arkivsektoren i fylket, er viktige byggesteinar i prosessen med å vidareutvikle og skape gode og framtidsretta arkivtenester.

Arbeidet støttar vidare mål 1 i utviklingsplanen for Vestland: «Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg». Ansvar for og arbeid med arkiv må vere ei regional oppgåve. Under mål 1 seier fylkeskommunen også at Vestland skal vere ein leiande kulturregion, og gjennom dette arbeidet kan Vestland fylkeskommune verte leiande innanfor kulturområdet arkiv.

**Konklusjon**

Samarbeid mellom arkivaktørane i Vestland fylke, og mellom fylkeskommunen og kommunane i Vestland fylke, er sentralt for å arbeide fram og realisere ei framtidsretta organisering av arkivsektoren i Vestland. Fylkesdirektøren vurderer at det er ønskjeleg med innspel frå kommunane og arkivaktørane i Vestland på tilrådd løysing, kombinasjonskonseptet, før fylkeskommunen går vidare i prosessen med organisering av arkivfeltet i Vestland. Høyringsinnspela vert vurdert og vil saman med utgreiingsrapporten ligge til grunn for politisk handsaming av utgreiingsrapporten i fylkestinget i mars 2023.